



**Morten Nilsen har no sendt kommunen ein føresurnad i samband med at han planlegg ei satsing på Sandakaaien.**

**Det gjeld det  
huset som populært vert kalla bunkersen og som er Sandavegen 19.  
Nilsen vurderer kjøp av dette huset og vil kartleggja mogelegheitene for å driva forretning der.**

I dag inneheld det i andre høgda ein fullt innreia loftsleilegheit og i første høgda er det ein garasje og ein verkstad.

Nilsen ynskjer å omgjera første høgda til leilegheiter eller rom for utleige men før han går i gang ynskjer han attendemelding frå kommunen om dette er mogeleg innanfor rammene av forretningsdrift som huset er regulert for

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen